



BØ MUSEUM

Oterholtvegen 148, 3802 Bø
org nr 975618838

Bø, 7. mars 2023

Til

- Midt-Telemark kommune v/utval for oppvekst og kultur (post@mt.kommune.no)
- Universitetet i Sørøst-Norge v/kulturstudiet (postmottak@usn.no)
- Bø Bygdekvinne lag (astrid@hsag.no)
- Spelemannslaget Bøheringen (svh-lan@online.no)
- Bø Ungdomslag (bungdomslag@gmail.com)
- Bø Mållag (bomallag@gmail.com)
- Medlemmene

Innkalling til årsmøte 2023 – Bø Museum

Stad: Polen, Bø Museum, torsdag 16. mars 2023 kl 19.00.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Årsmelding 2022
4. Rekneskap 2022
5. Arbeidsplan 2023
6. Budsjett 2023
7. Medlemskontingent 2024
8. Innkomne saker
 - a) Forslag til vedtektsendring
9. Val

Årsmelding, rekneskap, forslag til arbeidsplan for 2023 og forslag til vedtektsendring er vedlagt årsmøteinnkallinga.

Gunnar Brekke Amundsen vil fortelje om skulejubileet 2023; Bø vgs er 100 år i år.

Enkel servering. *Velkommen på årsmøtet!*

Helsing Heidi Christoffersen
leiar Bø Museum



ÅRSMELDING 2022

1. Årsmøtet 2022

Årsmøtet blei halde 15. mars 2022, det møtte 19 personar. Årsmøtet vedtok uendra medlemskontingent for 2023, kr 250 for enkeltmedlemmer og kr 300 for familie.

Styret for 2022:

Leiar Heidi Christoffersen, ny, 1 år

Kari Lønnestad, attval, 2 år

Olav Mandt, ny, 2 år

Jørn Berget og Asbjørn Storesund var ikkje på val.

Midt-Telemark kommune sin representant vald for 4 år i 2020, er Evy Beate Stykket, vara Per Johan Nordvik.

Varamedlemmar valde for 1 år:

1. Kristin Kleppen, attval

2. Ellen Schrumpf, ny

3. Arne Hatlen, attval

4. Hannele Hestetun, ny

5. Atle Tjønnås, attval

Revisor: Hans Martin Rugstad, attval 1 år.

Valnemnd: Olav Finstad til 2023, Stanley Jacobsen til 2024, Oddbjørg Nevestveit til 2025

2. Fordeling av verv

Styret konstituerte seg sjølv slik:

Nestleiar: Olav Mandt

Skrivar: Kari Lønnestad

Kasserar: Bergit Li (ikkje medlem av styret)

Rekneskapsfører: Torgeir Heiberg Larsen (ikkje medlem av styret)

Ansvarleg for facebook: Gunnar Brekke Amundsen

Arbeidsutval: Heidi Christoffersen, Kari Lønnestad, Jørn Berget, Finn Rønning, Tore Bjørn Pettersen, Bergit Li.

Bø Museum har laga ein organisasjonsplan der arbeidsoppgåver / ansvar er fordelt på fire hovudområde: Samlingar, anlegg, formidling, dagleg drift.

Ansvarspersonar utover dei som står i organisasjonsplanen:

Kontaktperson for Østerli: Asbjørn Storesund

Representant til styret i Stiftinga Hørte Dampfarveri: Finn Rønning

Midt-Telemark Museum sin representant i 17. mai nemnda 2022: Bergit Li

Sørnorsk folkemusikksenter: Evy Beate Stykket. Asbjørn Storesund (vara)

Midt-Telemark Museum: leiar er representant i styret, Bergit Li er vara.

3. Medlemstal

Bø Museum hadde 121 betalende medlemmer og 7 livsvarige medlemmer pr. 31.12.2022.

4. Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet har hatt 4 møte i 2022. Dei fleste sakene som blir diskutert i arbeidsutvalet, går til styret for endeleg vedtak.

5. Arbeid i styret

Styret for Bø Museum har hatt 9 møte og behandla 60 saker i 2022. Viktige saker som det er arbeid med, kan nemnst:

- Det er laga organisasjonskart for Bø Museum med fordeling av ansvar og arbeidsoppgåver. Kartet blei oppdatert etter årsmøtet.
- Styret har gjort vedtak om at styrets medlemmer går gratis på arrangement og utstilling. Medlemmer går for halv pris på utstillinga, dei må sjølv seie frå. Ein må kunne utvise skjønn.
- Oppvekst- og kulturutvalet i kommunen hadde møte på museet 23. september.
- Frivilligåret 2022, Bø Museum blei presentert i Bø Blad i spalta «Laget mitt»
- Sommarutstillinga 2022
- Vårdugnad på uteområdet 4. mai. Innedugnad 20. juni, klargjering av husa til sommarsesongen.
- Styret var på synfaring i kjellar på kommunehuset og Lien oksestasjon i oktober.
- Brann- og innbrottsalarm på museet, avtale med Securitas. Ved alarm går melding både til Securitas og dei som er i «alarmgruppa».
- Åheim Landhandel - måling av bygningen. Midt-Telemark renhold på Ulefoss fekk oppdraget. Men arbeidet blei avslutta etter at ca 2/3 av jobben var utført, fordi dei feilberegna arbeidsmengda. Elisabeth Haugen blei engasjert av Bø Museum til å måle ca 50 timar i tillegg. Resten av bygningen må målast i 2023. Under skrapinga blei det funne ein del roteskader som må utbetrast.
- Vreim skulen har vore sak på fleire styremøte. Styret har gjort vedtak om at kostnadsoverslag og finansiering av prosjektet må vere klart før arbeidet med flyttinga startar. Kostnadsoverslag er ikkje lagt fram innan utgangen av 2022.
- Nytt museumsbygg, prosjektgruppe med Olav Mandt, Olav Skjeldal, Håkon Strand, Anne Hermansen, Kjell Bitustøyl. Gruppa orienterte styret på møte 21. april, vedtak: «Gruppa får mandat til å arbeide vidare og til å ha kontakt med aktuelle instansar som kommunen, vegvesenet mfl. Olav Mandt fungerer som kontakt i styret. Gruppa legg fram resultat av arbeidet for styret til hausten.» Prosjektgruppa har hatt eit par møte, og møte med kultursjef, teknisk etat og møte med Vest-Telemark Museum. 25. oktober gjorde prosjektgruppa vedtak om å avslutte arbeidet med utgreiing av nytt museumsbygg.
- Leikeområde, innkjøp av leikeapparat. Bø Museum har totalt mottatt kr 220 000 i tilskot til utvikling av leikeområde. Det er kjøpt inn to leikeapparat i tillegg til bord og benkar. Leikeapparatane er laga av malmfuru frå Telemarksbruket i Bø og er vedlikehaldsfrie. Besøk av barnehage på opninga, oppslag i TA og Bø blad.
- Kvennøya, sommaren 2022 var det både geiter og sau (ein del av sommaren) der. Styret ønskjer bare geiter som beitedyr på Kvennøya pga ekskrement.
- Det er sett opp ny låvebru på Kvennøya i sommar, arbeidet er gjort av vedlikehaldsgruppa i samarbeid med Jørn Berget.
- Den store asken mellom uthus Åheim og Åsestugo har skranta ei tid. Haugland Trepleie vurderte treet. Treet har askesjuka og treng kraftig beskjæring for eventuelt å kunne reddast. Vedlikehaldsgruppa skar treet i oktober, og ein må sjå til våren om treet «kjem seg».
- Det er rydda i delar av kjellar på Åheim, der ein del gamle vindauger var lagra. Desse vindauga hadde ikkje museet bruk for, gjevaren ville heller ikkje ha dei tilbake. Vindauga er gitt bort til andre som hadde bruk for dei.
- Det er registrert roteskader på ulike bygningar. Styret vil prioritere å få gjort ferdig Åheim i 2023, både måling og reparasjon av roteskader.

6. Formidling

Besøk frå skule og barnehagar

Våren 2022 var førskulegruppene i barnehagane i Bø invitert til baking av brød i steinomnen. Fem grupper og 76 ungar.

Haust - besøk av 5. klassesetrinn, lokalhistorie, dagsopplegg. Fire dagar/klasser, 86 elevar.

Undervisningsopplegget er ein del av DKS (Den kulturelle skulesekken).

I september/oktober baka 6. klassesetrinn brød i steinomnen, fire klasser fordela på seks dagar, totalt 80 elevar. Halvdagsopplegg. Alle som bakar får med seg kvart sitt brød heim.

Tre til fire frivillige frå museet er med kvar dag. Bø Museum planlegg og koordinerer skuleopplegget.

Anna besøk: ei klasse frå Bø vgs og ei klasse frå Notodden vgs.

Elevane i 10. klasse i Bø har fått skulesoga av Bø Museum.

Arrangement

- Bøker og brød, ope museum 26. mars.
- Temakveld om husmenn v/Finn Rønning og Olav Solberg 6. april.
- Lugarkveld på Sandvin med Halvor Kleppen og Tor Gotaas, samarbeid med Bø Mållag. 5. mai.
- Stand på Bø torg 7. mai.
- Temakveld «Lokalhistorie i midtre Telemark» v/Ole Bjørn Darrud, 12. mai.
- Pilegrimsvandring 26. mai, open kafe.
- Kulturtur i Årmodalen 7. september, Finn Rønning fortalde, samarbeid med Bø Turlag.
- Forteljarkonsert med Ingebjørg L. Reinholdt 12. oktober.
- Rallyritt 15. oktober, dei hadde post og stopp på Bø Museum.
- Fagdag om Gårahaug / Vikingtid og mellomalder i Midt-Telemark 5. november.
- Julemesse 26. og 27. november.

Sommarutstilling

Utstilling «Skogbruk og bruksskog», opningsprogram laurdag 2. juli med Hans Strand og Trygve Langkås. Utstillinga var open ut juli, tysdag til sundag. To museumsvertar var engasjert i opningsperioden. 580 besøkande blei registrert, pluss besøkande på museumsområdet og Kvennøya. Desse personane er umogleg å telja.

7. Drift ved museet i 2022

I 2022 har drifta vore dugnadsbasert, bortsett frå reinhald, litt registrering, rekneskapsføring, omvising i juli og noko lærarløn ved skulebesøk. Museet blir vaska annankvar veke. Dugnadsarbeidet utgjer fleire årsverk.

Følgjande grupper brukar museet fast: Litteraturgruppe tredje torsdag i månaden vår og haust, kvedarkurs annankvar tysdag vår 2022, spelemannslaget og juniorspelemannslaget øvar annankvar tysdag vår og haust.

Samlingsforvaltning 01.01. – 16.06.2022, ansvarleg Finn Rønning

(Samlingsansvarleg sa frå seg det faglege ansvaret for samlingane ved Bø Museum frå 17.06.2022)

Også i 2022 blei det friviljuge arbeidet med samlingane ved Bø Museum hemma av koronasituasjonen i Noreg. Dette gjorde at det gjennom året var vanskeleg å halde på den faste vekedagen på museet (tysdagar), som igjen førte til at det blei registrert færre gjenstandar og privatarkiv.

Gjenstand-samlinga

-Bø Museum og Evju bygdetun har avtale med Kulturlit om registrering av gjenstandar og foto i systemet Primus og deltaking i nettportalen Digitalt Museum.

- Omvisarane registrerte om lag 150 bilde på objekt i løpet av sommarsesongen.

-Maren A. Rønning som også tidlegare har vore engasjert med registrering av gjenstandar, registrerte

og fotograferte 31 gjenstandar. Samlingsansvarleg hjelpte til med å finne fram aktuelle gjenstandar til sommarutstillinga.

-Atle Tjønnås er delegert ansvar for felesamlinga og held kontroll med temperatur og luftfuktigheit i Utstillingsbygget.

-Tilgangen av gåver til gjenstandsamlinga var noko mindre dette året, noko som vel også kan skuldast koronasituasjonen. I 2022 er det mottatt gåve frå Birgit Halsteinsgard og Anne Marie Rulnes.

Boksamlinga

Ingen nye registreringar av bøker/tidsskrift/trykksaker er gjort i Tidemann i år.

Privatarkivsamlinga

Bø lokalhistoriske arkiv inneheld pr. 16.06.2022 245 privatarkiv. I tillegg har samlingsansvarleg fått til eit samarbeid med Bø Ungdomslag om ordning av det store lagsarkivet deira. Representantar for ungdomslaget ordnar sjølve arkivet under rettleiing av samlingsansvarleg. Ein reknar med at dette arbeidet vil bli avslutta i 2023.

Anna

Prosjektet med skiving Husmannssoge for Bø kravde mykje arbeid av samlingsansvarleg dette året også. Arbeidet med band IV kom godt i gang og er forventa ferdigstilt november 2023. Arbeidet med boka – saman med koronasituasjonen – førte til færre faste kontordagar på museet i 2022 for samlingsansvarleg.

Bø lokalhistoriske arkiv har gjennom året hatt ope kvar tysdag kveld 18-20 utanom sommarmånadane.

Fotosamlinga v/Olav Finstad

Gruppa har vore i gang heile året med unntak av feriar, og møtest kvar tysdag. Også i 2022 har gruppa jobba med å få oversikt over bildematerialet museet har fått inn gjennom mange år. Det har også kome inn noko bildemateriale i 2022. Gruppa har i tillegg leia arbeidet med bilde og tekst til Bø-kalenderen 2023. Gruppa har også funne fram og restaurert bilde til Sommarutstillinga 2022. Vi har også gjort avtalar om innlån av nokre bilde til utstillinga. I tillegg til dette, har bildegruppa bistått med bildearbeid til bøker under arbeid.

Også i 2022 vart det skanna store mengder bilde, og lagt ut nesten 3500 nye bilde/seriar med bilde i Primus og Digitalt Museum. I tillegg er det lagt inn mange bildefiler på allereie eksisterande nummer, prinsippet er at bildefilene som ligg der, skal vere dei aller beste. Dei skanna bilda frå fleire album er reparert og restaurert, og ein tek vare på både det bildet ein legg ut, og den såkalla masterfila, som er ei stor fil skanna i eit format som skal kunne lagrast lenge. Desse filene kan hentast ut frå Primus eller frå skylageret når ein treng bildet. Papirbilda og negativ/positiv film blir lagra i kjellaren på kommunehuset. Prinsippet er at ein normalt ikkje treng å skanne bilde på nytt på lang tid.

Ved årsskiftet var det om lag 12 000 ulike bildenummer i registreringsprogrammet Primus. Om lag 11 000 av desse var offentleggjorde i Digitalt Museum ved årsskiftet 2022/23. På ein del bildenummer ligg det fleire bilde, og på ein del seriar ligg det fleire titals ulike bilde.

Serien med flyfoto i Bø Blad har fortsett også i 2022, med eit nytt flyfoto og tekst kvar 14. dag. Bø museum har også laga innlegg på siste side i avisa om lag ein gong i månaden. Der presenterer vi ulike foto frå museet med tekst til. Bildegruppa har også fått presentert nokre større tekstar som er rikt illustrerte på heilsider og dobbeltsider i Bø Blad gjennom året.

Videogruppa v/Tore Bjørn Pettersen

Gunhild og Birger samlinga har fått 85 nye kassetar frå Harald Kinck og det totale volumet er nå 935 kassetar. Dei siste 85 kassetane er under digitalisering og logging.

Vi er i samtalar med Senter for kulturarvdigitalisering hos Nasjonalbiblioteket om å overta lagring av kassetar og det digitale materiale. Dette ser ut til å ta tid, men er viktig på sikt etter som det er kopling til Primus. Vi la ut den fyrste testen på ein video frå samlinga på Digitalt museum mot slutten

av året. Vi samarbeider med leverandøren vår KulturIT om dette. Vi har også eit nært samarbeid med Memoar-norsk organisasjon for munnleg historie om rettighetsproblematikk. Organiseringar av arbeidet er under utvikling.

Forvaltningssystemet PRIMUS v/Tore Bjørn Pettersen

Museet har installert strekkodemodul for lettare halde orden på plassering av objekt. Tore Bjørn Pettersen har deltatt på webinar i mai og på eKulturseminaret på Glomdalsmeseet, Elverum i september.

Vi har saman med Drangedal bygdetun og leverandøren vår KulturIT, fått til ein modell av Primus for frivilligstyrte museum og historielag som gjev ein lågare kostnad. Det er og invitert til eit museumsnettverk av dei som tek dette i bruk. Fylkeskommunen har støtta oss i dette og gitt modellen gode anbefalingar.

Magasinet i kommunehuset v/Tore Bjørn Pettersen

Magasinet er i bomberommet i kommunehuset og er delt i tre rom. Lokalhistorisk arkiv, Gunhild og Birger samlinga og fotoarkivet i det eine rommet. Det andre inneheld gjenstandar og det tredje er i hovudsak boklager med gjenstandar og noko frå Lokalhistorisk arkiv i tillegg.

Gjenstandsrommet er nå i hovudsak rydda og gjenstandar plassert. Vi har fått plass til «fotostudio», kontorplass og eit stort bord for ordning av gjenstandar eller arbeid med arkivmateriale for Lokalhistorisk arkiv. Vedlikehaldsgruppa har gjort ein stor jobb der. (ref. eiga melding).

Statistikk

Det er registrert 3.452 foto i år, totalt er det nå registrert 12 095.

Det er registrert 38 gjenstandar i år, totalt er det nå registrert 9 020.

Det er i år tatt 378 foto av gjenstandar.

Vedlikehaldsgruppa v/Tore Bjørn Pettersen

Gruppa kom i gang 25. oktober 2021 med Karl Magne Verpe, Karl Åge Liland, Arne Hatlen, Sigmund Haugestaul og Tore Bjørn Pettersen. Etter kvart har Eivind Forberg, Rolf Steinsland og Olav Norli blitt med. Gruppa har vore samla i hovudsak kvar tysdag.

Arbeid som er gjort:

- Rydda vegetasjon mellom Åheim og elva, rydda kvisthaug ved Åsestugo.
- Lagt dreneringslending frå taknedløpet på Åheim
- Grave datakabel frå Polen innom Åheim og til Utstillingsbygget.
- Rydda i Magasinet i kommunehuset.
- Har plassert uordna arkiv i flytteesker som nå har fått plass i Bokrommet.
- Sett opp reol for lagring av spissledar og kister.
- Reol for lagring av esker med klede.
- Sett opp løysing for lagring av måleri og bilde.
- Laga lagring for feleskrin.
- Sett inn hyller for å få plass til fleire gjenstandar.
- Sortert ut bilde med ramme.
- Flytta bøker frå Åheim til boklageret i magasinet.
- Gjort avtale med Bø Padlegruppe om rydding.
- Justert takstein og lagt inn fleire for å få taket tett på uthuset ved Polen.
- Fjerna luftepipe på uthuset på Åheim.
- Hogd ein del tre og rønningar på verkstadsområdet og fjerna søppel, vegetasjon og skrapjern.
- Rive gamal låvebru på Kvennøya og sett opp ny.
- Låven har blitt rydda slik at vi kan bruke den til lager.
- Rydda magasinet på Løvlund.

- Rydda og vaska innvendig uthuset på Åheim. Det er ein del vedlikehald som må gjerast for at det skal bli eit utstillingsbygg. Huset inneheld kufjøs, grisehus løe, stall, sauefjøs og hønsehus. Ein bør henge opp plakatar som fortel historia. Det har vore utstilling for 150 års jubileet for Telemakskua og ei utstilling om birøkt. Vi vil prøve å få desse utstillingane opp igjen til sommarsesongen. Murveggane er vaska og kalka.
- På verkstadorrådet fann vi ein slipestein med sveiv. Karl Magne Verpe og Håkon Strand har laga ein fin bukk til den og vi vil prøve å få slipesteinen i drift slik at besøkande kan bruke den.
- Det har blitt grave grøft frå Åheim til uthuset for jordkabel. Det var luftspenn der tidlegare.
- På «villenga» har det blitt køyrd måsepellar for at meir frø skal komme ned i jorda. Området har blitt reinska for ein del busker, vi fortsett med det i håp om at det skal sjå ut som ei «villeng».
- Vi har prøvevaska ein vegg på Polen med litt varierende resultat, men trur det er mogleg å vaske, men noko må målast på nytt.
- Reinska takrennene på Polen for lauv.
- Skore ned asketreet til ei avtalt høgd slik at det kanskje kan leve vidare. Køyrt vekk kvist, noko blei henta av andre til ved.
- Tatt ut vinduer som var lagra i kjellarrom under pakkbu. Blei henta av interesserte. Har nå fått plass til hagemøblar.
- Flytta spissledar frå Magasinet i kommunehuset til låven på Lien.
- Reparert golv uthus Polen

I tillegg oppgaver som naturleg dukkar opp. Sigmund har utført vaktmeisteroppgåver gjennom heile året. I tillegg pålagte kontrollar, eks. el-kontroll frå Bø Installasjon.

Det er frå oktober 2021 til utgangen av 2022 ut ført 589 arbeidstimar og 35 maskintimar, til saman 624 timer. Omrekna etter satsar for eigeninnsats i prosjekt er dette kr 130.000

Ein del oppgaver blir for store for Vedlikehaldsgruppa og vi ønskjer derfor personar som vi kan be om hjelp. Det ville være fint om ei fekk på plass ei liste over personar som kan trå til på enkeltoppgåver.

Dagleg leiing

Bø Museum har ikkje dagleg leiar, Bergit Li og Kristin Kleppen utfører nokre av desse oppgåvene.

8. Midt-Telemark Museum

Midt-Telemark Museum er eit samarbeid mellom kulturorganisasjonar i Midt-Telemark med formål om å formidle kunnskap om materiell og immateriell kulturarv på grunnlag av avtaler med medlemmene.

Medlemmer er Bø Museum, Stiftelsen Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveris Venner, Sauherad Historielag, Stiftinga Bø Prestegard og Norsk Hardingfelesenter (frå 2022). Ein representant frå kvar organisasjon er med i styret.

MT Museum har inngått avtale med Visit Bø. Samordning av arrangement mellom medlemsorganisasjonane.

Saker: Pilegrimsvandring Kristi Himmelfartsdag. Gårahaug / Vikingtid og mellomalder i Midt-Telemark, fagdag 5. november.

9. Publikasjonar

Bø-kalenderen 2023: Bilda er valt ut og tekst skrive av Olav Finstad, Tom Arnesen, Torgeir Heiberg Larsen og Gunnar Brekke Amundsen.

Bø Museum har fast spalte i Bø Blad kring ein gong i månaden med kulturhistorisk stoff. «Sett frå lufta», gamle bilde frå Bø med omtale er å finne i Bø Blad med jamne mellomrom.

10. Besøkstal 2022

Sommer 700, barnehage/elevlar/studentar 370, julemesse 500, møte/arrangement 600, anna besøk (faste leigetakarar, lokalhistorisk arkiv, faste grupper, diverse besøk) ca 500. Til saman ca 2600.

11. Økonomi

Styret må ha fokus på økonomi, og det blir søkt om tilskot til ulike prosjekt. Overskot i 2022 blei kr 52 600. Måling av Åheim er belasta rekneskapen med kr 246 000. Dersom måling Åheim blir tatt ut av rekneskapen, har drifta elles hatt eit overskot på nesten kr 300 000. Bø Museum fekk vel kr 100 000 meir i momskompensasjonsmidlar i 2022 enn tidlegare år.

12. Støttegruppa

Støttegruppa hjelpte til under julemessa; baking av småkaker på førehand og hadde ansvar for kafe Polen, sal i Åsestugo og loddsal. Støttegruppa kosta to støvsugerar til Polen, prosjektor til Åheim og tilskot til leikeapparat / benkar i 2022. Bergit Li er støttegruppa sin kontaktperson mot styret. Rekneskap for 2022 er vedlagt Bø Museum sin rekneskap.

Avslutning

Styret vil takke alle som har gjort dugnad i 2022. Takk også til Midt-Telemark kommune som støttar museet økonomisk og gjer drifta mogleg.

Styret for Bø Museum 23. februar 2023

Heidi Christoffersen/s

Kari Lønnestad/s

Jørn Berget/s

Asbjørn Storesund/s

Kristin Kleppen/s

Evy Beate Stykket/s

Resultatregnskap pr. 31.12.2022
Bø Museum

	Note	2022	2021
Driftsinntekter			
Salgsinntekt		203 539	321 620
Annen driftsinntekt	2	918 471	1 225 943
Sum driftsinntekter		1 122 009	1 547 563
Driftskostnader			
Varekostnader		48 587	196 539
Lønnskostnad	1	111 957	152 061
Avskrivninger på varige driftsmidler	3	6 899	6 899
Annen driftskostnad	6	920 573	1 846 649
Sum driftskostnader		1 088 016	2 202 148
Driftsresultat		33 993	-654 585
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		18 642	10 154
Annen finansinntekter		0	0
Sum finansinntekter		18 642	10 154
Finanskostnader			
Andre rentekostnader		10	0
Kjøp av aksjer og andeler		0	0
Sum finanskostnader		10	0
Ordinært resultat		52 625	-644 431
Årsresultat		52 625	-644 431
Overføringer			
Overføring til annen egenkapital	4	41 581	96 012
Overføring fra bunden egenkapital	4	11 044	740 443
Sum		52 625	644 431

Balanse pr. 31. desember 2022**Bø Museum**


EIENDELER	Note	2022	2021
Anleggsmidler			
Driftsløsøre, inventar	3	20 695	27 594
Sum varige driftsmidler		<u>20 695</u>	<u>27 594</u>
Sum anleggsmidler		<u>20 695</u>	<u>27 594</u>
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer		23 016	11 930
Andre kortsiktige fordringer		9 815	9 144
Sum fordringer		<u>32 831</u>	<u>21 074</u>
Bankinnskudd, kontanter og lignende		1 899 940	1 905 647
Sum omløpsmidler		<u>1 932 771</u>	<u>1 926 721</u>
Sum eiendeler		<u>1 953 466</u>	<u>1 954 315</u>
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Opptjent egenkapital			
Bundet egenkapital	4	1 133 649	1 122 605
Annen egenkapital	4	749 368	707 787
Sum opptjent egenkapital		<u>1 883 017</u>	<u>1 830 392</u>
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		8 215	22 093
Annen kortsiktig gjeld	5	62 235	101 830
Sum kortsiktig gjeld		<u>70 450</u>	<u>123 923</u>
Sum gjeld		<u>70 450</u>	<u>123 923</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>1 953 466</u>	<u>1 954 315</u>


Bø i Telemark den 23.02.2023


Heidi Christoffersen
Styreleiar

Asbjørn Storesund
Styremedlem

Jørn Berget
Styremedlem


Kari Lønnestad
Styremedlem


Kristin Kleppen
Styremedlem **ARNE HATLEN**


Evy Beate Stykket
Representant frå Midt-Telemark kommune

Reynskapet er revidert og funnet i orden!
Bø 28.02.2023 Hans Martin Rønstad

Bø Museum

Noter til regnskapet for 2022

REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter siste dag i regnskapsåret, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi (laveste verdis prinsipp).

Anleggsmidler og langsiktig gjeld

Anleggsmidler omfatter eiendeler til bestemt varig eie og bruk for virksomheten.

Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler føres opp i balansen og avskrives over driftsmidlets forventede økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være av forbigående art. Nedskrivninger blir reversert når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger finnes å være til stede.

Offentlige tilskudd i forbindelse med investeringen er tatt til nedskrivning av kostpris på det aktuelle driftsmidlet.

Inntektsføring

Tjenesten inntektsføres i takt med utførelsen.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer føres opp i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til påregnelig tap. Avsetning til påregnelig tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Andre fordringer er også gjenstand for en tilsvarende vurdering.

Note 1: Lønnskostnad

	I år
Lønn	111 957
Totalt	111 957

Det er ikke utbetalt styrehonorar i 2020. Bø Museum har utbetalt lønn til ni personer i 2022. Som frivillig organisasjon kan Bø Museum utbetale inntil kr 10 000 pr. ansatt uten å gjennomføre forskuddstrekk. Dersom lønnen overstiger kr 50 000 pr. ansatt eller den totale lønnskostnaden er over kr 500 000, må arbeidsgiveravgift beregnes.

Foreningen er ikke pliktig til å ha tjenestepensjon etter loven om obligatorisk tjenestepensjon.

Note 2: Annen driftsinntekt

Følgende inntekter inngår i denne posten:

Mva-kompensasjon	Kr 173 983
Tilskudd Midt-Telemark kommune	Kr 370 000
Leieinntekter fast eiendom	Kr 17 128
Tilskudd fra støttegruppa	Kr 22 000
Tilskudd/gaver ikke omsøkt	Kr 395
Andre omsøkte tilskudd	Kr 312 664
Medlemskontigent	Kr 22 300
Sum	Kr 918 471

Note 3: Varige driftsmidler

	Inventar	Sum
Anskaffelseskost pr.01.01.2022	68 988	68 988
Tilgang i året	0	0
Avgang i året	-	-
Anskaffelseskost pr. 31.12.2022	68 988	68 988
Tidligere oppskrivninger		-
Akkumulerte avskrivninger pr. 31.12	48 293	48 293
Balanseført verdi pr. 31.12.2022	20 695	20 695

Note 4: Egenkapital

	Bunden egenkapital	Annen egenkapital	Sum
Pr. 31.12.2021	1 122 605	707 787	1 830 392
Årets avkastning på bunden egenkapital	11 044		11 044
Årets overskudd kr 52 625 korrigert for avkastning på bunden egenkapital		41 581	41 581
Pr. 31.12.2022	1 133 649	749 368	1 883 017

Note 5: Kortsiktig gjeld

Bø Museum har følgende ubenyttede tilskudd:

- Kr 27 000 til arkivet etter Neri Valen
- Kr 9 500 til undervisningsopplegg skole/barnehage
- Kr 5 735 til felesamlinga
- Kr 20 000 til skilt

Sum kr 62 235

Tilskuddene inntektsføres ettersom prosjektene blir gjennomført.

Note 6: Annen driftskostnad

Det er kostnadsført kr 229 903 for maling av Åheim i 2022. Prosjektet er ikke ferdigstilt.

Det er kostnadsført kr 201 994 for kjøp av lekelokomotiv og vogner i 2022. Tilskudd tilsvarende kjøpet er mottatt og inntektsført.

Bø Museum:

Rekneskap Støttegruppa 2022

	Inntekter	Utgifter
Sum julemesse	103 912,00	69 643,52
Power, kjøp av støvsugar 2. etg, jan		1 499,00
Møte i støttegruppa, div utgifter		670,00
Power, kjøp av støvsugar 1. etg, desember		2 697,00
Tilskot Bø Museum, utebenkar		10 000,00
Tilskot Bø Museum, videokanon		12 000,00
Sum 2022	103 912,00	96 509,52
I banken 1.1.2022	171 721,81	
Gebyr 2022	-44,00	
Renteinntekter 2022	68,12	
Inntekter 2022	103 912,00	
Utgifter 2022	-96 509,52	
I banken pr 31.12.2022	179 148,41	

Stemmer pr. 6. januar 2023

Bergit Li

VEDLIKEHALD

Årlege tiltak:

- Årleg inspeksjon av bygningar og anlegg med rapport til styret (byggningsvern / vedlikehaldsgruppa)
- Vårdugnad på museumsområda (styret)
- Rydde i ulike rom på museet (samlingsansvarleg)
- Vedlikehald av feler (instrumentansvarleg / styreleiar)

2023 spesielt:

- Maling av Åheim, ferdigstilling av arbeidet (Jørn Berget)
- Åheim, utføre mindre reparasjonar/restaurering (Jørn Berget)
- Sikre rett temperatur og luftfuktigheit i utstillingsbygget (Atle Tjønnås)
- Gjere ferdig rydding av rom i kjellar kommunehus (samlingsansvarleg)
- Kartlegging arealbehov for eit evt landbruksmuseum på Oterholt

FORMIDLING

Årlege tiltak:

- Undervisning for barnehage og grunnskule. Ta imot grupper frå vidaregåande skule og universitet (arrangementsgruppa, Bergit Li).
- Planlegge og utarbeide sommarutstilling (utstillingsgruppa)
- Planlegge og gjennomføre temakvelder og arrangement (arrangementsgruppa)
- Open dag på museet evt. ein dag i veka – kaffi og god prat (arrangementsgruppa, Bergit Li)
- Oppdatering av heimeside, Facebook (ansvarleg sosiale medium). Oppretting av Instagram.

UTVIKLING

Årlege tiltak:

- Utvikle samarbeidet gjennom Midt-Telemark Museum (styret)
- Registrere gjenstandar, privatarkiv (samlingsansvarleg) og foto (Olav Finstad)
- Sende søknadar til ulike prosjekt, som måtte bli aktuelle (styret, Bergit Li)
- Medlemsverving (styret)

2023 spesielt:

- Ferdigstille band IV av Husmannsoge for Bø (Finn Rønning)
- Ordne gjenstandsmagasin på loftet i utstillingsbygget (samlingsansvarleg)
- Sjå på prosedyrar ved avhending av gjenstandar (samlingsansvarleg)
- Utarbeide innsamlingsplan for gjenstandar, foto og privatarkiv (samlingsansvarleg)
- Toalettanlegg i tilknytning til Kvennøya, starte arbeidet
- Betre skilting på museumsområdet
- Arbeide vidare med sikring / gjerde mot elva
- Starte drøfting av vidare utvikling av Bø Museum og kva museet skal vere i framtida.
- Arbeide for å sikre Bø Museum ein museumsfagleg leiar / dagleg leiar.

Vedtekter for Bø Museum

Forslag til endring, sak på årsmøtet 2023

Tekst skal utgå

Ny tekst

§ 1:

Bø Museum er skipa 26. september 1977 og er eit resultat av det arbeidet Bø kommune, Bø ungdomslag, Bø Bondekvinnelag, Bø Historielag, Spelemannslaget Bøheringen, Bø Mållag og Høgskolen i Telemark har gjort for å ta vare på bygningar, gjenstandar og anna tradisjon som er særmerkt for kulturtradisjonen i Bø.

Bø Museum har som oppgåve å føre dette arbeidet vidare ved:

1. Å drive museumsverksemd og aktivisere innbyggjarane til å ta vare på og utvikle alt som har kulturhistorisk verdi for Bø kommune.
2. Å samle og sikre dokumentasjon, drive formidling og utvikle ny kunnskap gjennom forskning.

§ 2:

Bø Museum er eit eige rettssubjekt. Museet er ein medlemsorganisasjon der òg einskildpersonar og verksemdar kan bli medlemmer.

Aktiviteten ved museet skal drivast og utviklast i eit nært og forpliktande gjensidig samarbeid med **Bø kommune** **Midt-Telemark kommune**.

§ 3:

Årsmøtet i Bø Museum vel leiar og 4 styremedlemmer samt 3-5 varamedlemmer i prioritert rekkefølge til styret. Styret konstituerer seg sjølv. **Bø kommune** **Midt-Telemark kommune** ved Utval for kultur oppnemner ein representant med vararepresentant til styret for den kommunale valperioden.

Leiar og varamedlemmene blir valde for eitt år, dei andre styremedlemmene for to år (etter det første året er to på val etter loddtrekking).

Årsmøtet fastset medlemspengane og vel også revisor og valnemnd.

§ 4:

Styret har ansvaret for at drifta ved Bø Museum blir forvalta forsvarleg. Det er styret sitt ansvar å legge fram årleg budsjett og syte for forsvarleg rekneskapsføring.

Styret er vedtaksført når minst 4 av medlemmene er til stades. Ved lik røysting har leiar dobbelrøyst.

Styret skal gje uttale ved tilsetting av museumsstyrar/konservator med ansvar for dagleg drift.

Styrar er tilsett av **Bø kommune** **Midt-Telemark kommune** og skal vere sekretær for styret og ansvarleg for iverksetting av vedtak. Styrar/konservator har talerett og forslagsrett på styremøta.

§ 5:

Årsmøte skal haldast innan utgangen av februar mars kvart år. Styret kallar inn til årsmøtet. Det skal kunngjerast med minst 14 dagars varsel. Leiaren kallar inn og leiar årsmøtet. Årsmøtet blir leia av ein vald møteleiar. Årsmøtet vedtek årsmelding, rekneskap, budsjettframlegg og arbeidsplan for komande år. Det skal sendast innkalling til dei 7 skiparane som er nemnd i § 1. Ein representant for kvar av desse har ei stemme på årsmøtet.

§ 6:

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn når styret finn det ønskjeleg eller når minst 1/3 av medlemmene krev det. Kunngjering skal skje minst 14 dagar før møtet. Det er røysterett bare ved personleg frammøte.

§ 7:

Gjenstandar som er innlemma i samlinga til Bø Museum, kan ikkje seljast eller på annan måte avhendast utan vedtak i styret. Avtale om utlån og deponering skal også gjerast av styret. Sal av bygningar og eigedomar må leggjast fram for årsmøtet.

§ 8:

Vedtak om endring av vedtekter må gjerast med 2/3 fleirtal på årsmøtet. Forslag om vedtektsendring skal sendast Bø kommune Midt-Telemark kommune til uttale og vere handsama i styret før årsmøtet.

§ 9:

Eventuell oppløysing av Bø Museum må handsamast som Vedtektsframlegg og må vere vedteke på 2 etterfølgjande årsmøte for å vere gyldig. Ved oppløysing skal museet sine samlingar og eigedomar tilfalle Bø kommune Midt-Telemark kommune, som seinare skal stå som garantist for at samlingar og eigedomar ikkje blir avhende til andre føremål og blir forsvarleg vedlikehalde og teke hand om.

Vedtektene blei endra av årsmøtet i Bø Museum 27. august 2020.

(Bø Museum var konsolidert med Telemark Museum frå 01.01.2003 til 31.12.2015. I denne perioden hadde Telemark Museum driftsansvaret for Bø Museum.)